



Arkivnr: 2014/598-16

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		18.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

**Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren –
budsjettfordeling nr. 4 - 2015**

Samandrag

I budsjettet for 2015 var det opphavleg løyvd 125 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. I samband med tertialrapporteringa for 1. tertial er denne posten redusert til 100 million kroner.

I denne saka rår ein til at det vert fordelt 10 million kroner til rehabilitering / ombygging av Bergen Katedralskole for vaksenopplæring, 4 million kroner til universell utforming, 2,0 million kroner til ladepunkt for el-bilar og 1,5 million kroner til opparbeiding / tilrettelegging av uteområde ved Laksevåg vgs.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	622.020.00	02320	06031 Bergen Handelsgym. - Tilrettelegging / omb. / rehab.	10 000 000	
10	777.025.00	02320	00208 Universell Utforming	4 000 000	
10	777.020.00	02320	02144 Ladepunkt - El-bilar	2 000 000	
10	636.020.00	02320	02128 Laksevåg vgs - uteområde	1 500 000	
10	777.021.00	02320	03000 Rehab. / omb./ tilbygg		17 500 000
				17 500 000	17 500 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Helge Haavardtun
eigedomssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

I budsjettet for 2015 var det opphavleg løyvd 125 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. I samband med tertialrapporteringa for 1. tertial er denne posten redusert til 100 million kroner.

I denne saka rår ein til at følgjande tiltak får prioritet / auka løyving:

Bergen Handelsgymnasium - Tilrettelegging / ombygging for vaksenopplæringa.

Det er tidlegare løyvd til saman 50 million kroner til tilrettelegging / ombygging av Bergen Handelsgymnasium for vaksenopplæringa. Prosjektet er venta ferdigstilt innan utgongen av året. Ein ser imidlertid at ein har behov for ytterlegare løyvingar for å få til ei fullgod løysing. Årsaka til det auka behovet er dels knytt til meirkostnadar innom planlagt aktivitet og dels til at ein ser at det er hensiktsmessig å gjere prosjektet noko meir omfattande enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Ein rår til at prosjektet vert utvida med ei total utskifting / rehabilitering av taket til om lag 3 million kroner, oppgradering av spredenett for it til om lag 1 million kroner, oppgradering av belysning inne og ute til om lag 1 million kroner og etablering av bossbod til om lag 0,3 million kroner. Ein rår og til at det vært løyvd 0,7 million kroner til maling av fasade. Samla kostnad knytt til nye delprosjekt vert etter dette 6 million kroner.

Vidare er behova knytt til drenering / avgraving og utomhus tilpasningar, samt sannering av sopp og råteskader meir omfattande enn tidlegare lagt til grunn, slik at ein har vil få ein meirkostnad på om lag 3 million kroner. Til sist rår ein til at det vert løyvd 1 million kroner til diverse / reserve som mellom anna vil dekke kostnadar knytt til lønn for prosjektlear.

Tidlegare løyvingar er gjeve som eigne løyvingar i budsjettbehandlinga for henholdsvis 2014 og 2015. Her rår ein likevel til at det blir gjeve ei løyving på 10 million kroner til sluttfinansiering av prosjektet frå posten for mindre ombygging / tilbygg.

Universell utforming

Det er så langt i år løyvd 15 million kroner til universell utforming, dei største delprosjekta her er knytt til Stord vgs., Stend vgs., Norheimsund vgs og Øystese Gymnas. Desse prosjekta har god framdrift, og ein ser at ein kan få gjennomført noko meir enn opphavleg planlagt i 2015 dersom det vert løyvd ytterlegare midlar til prosjekta. Dei udekkka behova innan området er framleis store, og ein rår til at ein og får løyving til å starte opp utbetringar ved Odda Gymnas. Samla rår ein til at det vert løyvd ytterlegare 4 million kroner til Universell utforming i 2015.

Prosjekta vil ikkje bli ferdig i år, og ei fullføring er difor avhengig av ytterlegare løyvingar i 2016. Ein legg opp til ei framdrift som gjer at prosjekta kan leggjast opp som ulike delprosjekt slik at det kan stoppast i 2016 dersom det ikkje vært prioritert løyvingar til å fullføre.

Ladepunkt - Elbiler

I budsjettet for 2015 er det løyvd 5 million kroner til innkjøp av el-bilar. I premissane for løyvinga er det lagt til grunn at kostnadane knytt til ladepunkt skal hentast frå annan budsjettpost. Ladepunkta er, i alle fall i første omgang, planlagt etablert på skular som i dag ikkje har ladepunkt for el-bilar men kor skulane, i samsvar med målet om overgang til el-bil, har gått til innkjøp av slike. Prosjektet er i ein planfase og basert på forebels kostnadsoverslag legg ein til grunn at etablering av eit ladepunkt med to uttak i snitt vil koste 0,1 million kroner. Ein rår til at det i denne omgang vert løyvd 2 million kroner til prosjektet.

Laksevåg vgs. - uteområde

I samband med Valheim bygget ved Laksevåg vgs. vart seldt til Bergen kommune hausten 2012, vart 2 million kroner øyremarka til etablering av veg og planering av nytt praksisområdet for Bygg- og anlegg som var aktive brukarar av uteområdet Valheim. Ei nærmare gjennomgang av behova ved skulen gjer at ein rår til at det i samband med prosjektet og vert etablert garasje på ca. 70 m². Vidare er det behov for å etablere ny framføring for vatn og strøm, som tidlegare har gått via bygget som kommunen kjøpte. Ein vil og legge til rette for seinare tilkopling av avløp samt gjennomføre litt murararbeid, mellom anna i grensa mot Bergen kommune. Samla kostnad ved prosjektet er etter dette rekna til 3,5 million kroner. Ein rår til at dei siste 1,5 million kroner til prosjektet vert løyvd frå budsjettposten for rehabilitering / mindre ombygging / tilbygg i 2015.